



Normering av stadnamn: lover, forskrifter og praksis – ein analyse av saker som har nådd Klagenemnda for stadnamnsaker i perioden 2012–2022

Stig J. Helset

The Norwegian Place Name Act (lov om stadnamn) has gone through no less than three major revisions since 2005. The purpose of this study is to examine which sections of the different law texts the Appeal Board for Place Names (Klagenemnda for stadnamnsaker) has emphasized when they have made decisions about the spelling of Norwegian place names, and which trends can be identified through a study of the actual decisions made by the Appeal Board in the period 2012–2022. The study shows that the main rule in the Norwegian Place Name Act, that one should start from the inherited local pronunciation and follow the spelling principles and rules for Norwegian, has been decisive for a clear majority (67.5%) of the decisions made by the Appeal Board throughout the period. At the same time, the study shows that in around a quarter (23.9%) of the cases, the Appeal Board has made decisions about spellings that deviate from this general rule with reference to various exceptional provisions in laws and regulations. However, there is no statistical basis for claiming that the increasingly liberal legal and regulatory texts have led to an increase in the proportion of decisions on spellings that deviate from the main rule throughout the examined period.

Innleiing

I løpet av dei godt og vel 30 åra som har gått sidan Stortinget vedtok *Lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn* har det som i dag heiter *lov om stadnamn (stadnamnlova)* gått gjennom ikkje mindre enn tre større revisjonar.

Dei to første setningane av § 4 *Reglar om skrivemåten* har likevel halde seg (så godt som) uendra gjennom alle dei tre lovendingane frå 2005, 2015 og 2019, og kan derfor bli sett på som gjennomgåande grunnpilarar for normering av stadnamn i Noreg. Samstundes ligg det kryssande omsyn i dei to setningane, som lyder slik: «Dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk, samisk og kvensk.»¹²

I denne artikkelen skal vi rette søkjelyset mot dei potensielt vanskelege avvegingane som må gjerast av vedtaksorgan som følgje av at stadnamnlova med tilhøyrande forskrift på den eine sida slår fast at ein skal ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen, samstundes som ho på den andre sida slår fast at ein skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk og (som hovudregel) gjeldande rettskriving for nynorsk og bokmål når ein skal fastsetje skrivemåten av norske stadnamn.¹³ Det er jo nemleg slett ikkje uvanleg at det er til dels stor diskrepans mellom den nedervde lokale uttalen av stadnamn i ulike norske dialektar og gjeldande rettskriving for nynorsk og bokmål. Samstundes opnar både forskriftene til dei ulike versjonane av stadnamnlova og den siste versjonen av sjølve stadnamnlova opp for avvik frå gjeldande rettskrivingsprinsipp og rettskriving i visse tilfelle, og samla sett har dette ført til usemje mellom partar om kva som bør vere skrivemåten av ei lang rekkje stadnamn opp gjennom åra (jf. Pedersen 2016). Ved ein systematisk gjennomgang av saker som gjeld skrivemåten av norske stadnamn som har nådd Klagenemnda for stadnamnsaker i perioden 2012–2022, skal vi i denne artikkelen sjå nærare på korleis skiftande lover og forskrifter har blitt tolka og praktisert i namnesaker som har blitt handsama av nemnda. Føremålet med artikkelen er å gje eit mest mogleg heilskapleg kunnskapsgrunnlag for norm-

12 Tillegget «og kvensk» kom først inn i denne andre setninga av § 4 i revisjonen frå 2019, medan det var sett opp eigne setningar om skrivemåten av kvenske stadnamn i revisjonane frå 2005 og frå 2015. Sidan vi i denne artikkelen berre skal sjå nærare på lover, forskrifter og vedtak som gjeld *norske* stadnamn, er dei nemnde justeringane ikkje relevante her.

13 Vi vil her handsame omgrepa «den nedervde lokale uttalen», «gjeldande rettskrivingsprinsipp» og «gjeldande rettskriving» slik dei er definerte i lover og forskrifter og slik dei har blitt tolka og praktiserte i sakene i Klagenemnda for stadnamnsaker (for vidare lesing om tolking og bruk av desse omgrepa, sjå særleg Bakken 1997, Helleland 1999 og Vikør 1997).

ering av norske stadnamn i vår eiga samtid. På denne bakgrunnen stiller artikkelen følgjande forskings spørsmål:

- 1) *Kva for paragrafar ved den til ei kvar tid gjeldande lova med tilhøyrande forskrift har klagenemnda lagt mest vekt på når ho har fatta vedtak om skrivemåten av stadnamn?*
- 2) *Kan ein sjå endringstendensar i faktiske vedtak i klagenemnda som følgje av endringane i lover og forskrifter i perioden 2012-2022 – og i tilfelle: kva for tendensar?*

Før vi kan svare på desse spørsmåla, må vi sjå nærmare på kva dei ulike versjonane av stadnamnlova med tilhøyrande forskrifter inneber for skrivemåten av stadnamn.

Lover og forskrifter om skrivemåten av norske stadnamn

I tillegg til hovudregelen om at ein ved fastsetjing av skrivemåten skal «ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen», samstundes som ein «skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk», kom det med den reviderte stadnamnlova av 2005 inn ein eigen føremålsparagraf som er relevant for fastsetjing av skrivemåten av norske stadnamn. I § 1 *Formål og verkeområde* står det nemleg at «[f]ormålet med denne lova er å ta vare på stadnamn som kulturminne, *gi dei ei skriftform som er praktisk og tenleg* [mi utheving], og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna.» I revisjonen frå 2015 blei det sett inn eit tillegg i føremålsparagrafen, som dermed blei lydande slik: «Formålet med denne lova er å ta vare på stadnamn som språklege kulturminne, *gi dei ei skriftform som er praktisk, og som ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet i namnet* [mi utheving], og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna», og denne formuleringa står med same ordlyd i føremålsparagrafen i den reviderte stadnamnlova av 2019.

Føremålsparagrafen var ikkje med i den opphavlege stadnamnlova frå 1990. Derimot hadde den opphavlege lova følgjande presisering til slutt i § 4 *Reglar om skrivemåten*: «Når særlege grunnar talar for det, kan skrivemåten av stadnamn avvike frå gjeldande rettskriving.» Denne formuleringa blei teken ut av § 4 i den reviderte stadnamnlova av 2005, men proposisjonen (Ot.prp. nr. 42, 2004–2005: 32f.) som låg til grunn for lovendringa, opnar for at stadnamn i visse tilfelle bør «kunne avspegle re-

gionale målmerke» og jamvel «lokale målføreformer når særlege grunnar talar for det», samstundes som det blir slått fast at «[s]krivemåten av stadnamn kan avvike frå gjeldande rettskrivingsprinsipp når skriftforma har vore lenge i bruk og er vel kjend og innarbeidd, eller at det knyter seg særleg sterke interesser til denne skriftforma, t.d. av økonomisk karakter.» Høvet til å gjere unntak frå hovudregelen om at ein skal følgje gjeldande rettskriving for norsk ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn, blei slått fast i § 3 *Særlege reglar om skrivemåten av norske stadnamn* i *Forskrift om skrivemåten av stadnamn* som følgde den nye lova i 2007: «Ved fastsetjing av skrivemåten skal det veljast ei tillaten form i den målforma som passar best med den nedervde lokale uttalen. Det kan likevel veljast regionale samleformer eller reine dialektformer når særlege grunnar talar for det.» Samstundes blir det i den same paragrafen presisert at «[n]amn som inneheld allment kjende ord eller namneledd, skal som hovudregel rette seg etter gjeldande rettskriving.» Dessutan kom det inn eit nytt ledd i § 4 i sjølve lovteksten som presiserte at «når same namnet er brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten i primærfunksjonen som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten i dei andre funksjonane».

Høvet til å bruke regionale samleformer i staden for gjeldande rettskriving for nynorsk og bokmål blei klart forsterka av § 3 *Særleg om norske stadnamn* i *Forskrift om stadnamn* som i 2017 følgde den reviderte stadnamnlova av 2015: «Skrivemåten av norske stadnamn skal følgje den rettskrivingsforma *eller regionale samleforma* [mi utheving] som passar best med den nedervde lokale uttalen. Lokale dialektformer kan veljast når særlege grunnar talar for det.» Dessutan blei formuleringa «[h]ar skrivemåten vore lenge i bruk og er vel kjend og innarbeidd, kan ein fråvike gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp» løfta opp i § 1 *Generelle reglar om norske, samiske og kvenske stadnamn* i den nye forskrifta. Sist, men ikkje minst, kom det inn eit nytt ledd i § 4 i sjølve lovteksten som presiserte at hovudregelen om at skrivemåten for namn i primærfunksjonen skal vere retningsgjevande for skrivemåten for andre namneobjekt på same staden, *ikkje* gjeld «i dei tilfella der det opphavlege namnet på namneobjektet er eit bruksnamn med ein skrivemåte som er fastsett av grunneigaren.» Vidare blei det i § 6 slått fast at «[i] saker om skrivemåten av nedervde bruksnamn har eigaren rett til å fastsetje skrivemåten dersom han kan dokumentere at den ønskete skrivemåten har vore i offentleg bruk

som bruksnamn». Allereie i forskrifta som følgde stadnamnlova av 2005 i 2007, blei det presisert at det ved fastsetjing av bruksnamn skal «leggjast særleg vekt på det ønsket eigaren har når det gjeld skrivemåte», og i forskrifta som følgde stadnamnlova av 2015 i 2017, blei det lagt til at «[d]ette gjeld òg i saker der vilkåra for at eigaren kan fastsetje skrivemåten, ikkje er oppfylte.»

I den reviderte stadnamnlova av 2019 blei formuleringa «[h]ar skrivemåten vore lenge i bruk og er vel kjend og innarbeidd, kan ein fråvike gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp» løfta vidare opp frå forskrift til § 4 *Reglar om skrivemåten* i sjølve lovteksten. Vi merker oss at Kulturdepartementet i proposisjonen (*Prop. 65 L. Endringar i stadnamnlova*: 22) som låg til grunn for lovendringa, presiserer at dette blir gjort «[f]or å gi kommunane større reell innverknad på fastsetjing av skrivemåte» og for «å gi eit signal om at regelen skal vurderast oftare enn før», samstundes som det blir gjort klart at dette «framleis er ein unntaksregel». Vi nemner også at det i § 1 *Generelle reglar om norske, samiske og kvenske namn* i den reviderte versjonen av *Forskrift om stadnamn* som følgde den nye lova i 2022, blir lista opp fem moment som ein må ta med i vurderinga i saker der ein etter stadnamnlova § 4 andre ledd vurderer å fastsetje ein skrivemåte som avvik frå gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp med tilvising til lang tids bruk, og dei er som følgjer:

- a. om skrivemåten kan medverke til at meiningssinnhaldet i namnet ikkje kjem tydeleg fram
- b. om skrivemåten kan endre den nedervde lokale uttalen av namnet
- c. kor lang og dominerande tradisjon skrivemåten har på namneobjektet
- d. kor stor semje det er om skrivemåten lokalt
- e. om skrivemåten har tradisjon i det språket som namnesaka gjeld

Med dette har vi sett at forskrifter og lover som regulerer skrivemåten av norske stadnamn i stendig større grad har opna opp for bruk av skrivemåtar som avvik frå gjeldande rettskriving gjennom dei siste 15 åra. Medan det i forskrifta frå 2007 berre blir opna opp for regionale samleformer og reine dialektformer «når særleg grunnar talar for det», jamstiller forskrifta frå 2017 den «regionale samleforma» med «rettskrivingsforma», samstundes som formuleringa «[h]ar skrivemåten vore lenge i

bruk og er vel kjend og innarbeidd, kan ein fråvike gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp» blir løfta opp i forskrifta frå 2017, før ho blir løfta opp i sjølve stadnamnlova frå 2019. Dessutan har vi sett at eigaren fekk klart styrkte rettar med omsyn til fastsetjing av skrivemåten av bruksnamn frå og med lovendringa i 2015. På denne bakgrunnen skal vi sjå nærmare på korleis dei skiftande lovene og forskriftene har blitt tolka og praktisert ved ein systematisk gjennomgang av saker som gjeld skrivemåten av norske stadnamn som har blitt handsama i Klagenemnda for stadnamnsaker i perioden 2012-2022. I tillegg til dei her nemnde skiftande lovene med tilhøyrande forskrifter, har ein sidan lovendringa i 2005 operert med meir utfyllande reglar om skrivemåten. Til forskrifta frå 2007 blei det utarbeidd ein eigen del kalla *Rettleiing til forskrift om skrivemåten m.m. av stadnamn*, medan det til forskrifta frå 2017 blei utarbeidd *Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn*, og desse vil bli trekte inn i drøftingane nedanfor når det er turvande.

Vedtaksorgan, klagerett og klagenemnda

Retten til å ta opp skrivemåten av stadnamn gjeld offentleg organ, eigaren eller festaren i saker som gjeld namn på eige gardsbruk eller eigeidom, lokale organisasjonar med særleg tilknytning til eit stadnamn og stadnamntenesta (stadnamnlova, § 6), og dei tre førstnemnde har også klagerett på vedtak (§ 12). Når det gjeld vedtaksrett, er det kommunen som vedtek skrivemåten på tettstader, grender, kommunale gater, vegar, torg, bydelar, bustadfelt, kommunale anlegg og offisielle adresser, medan Kartverket vedtek skrivemåten av gardsnamn, bruksnamn, seternamn og naturnamn. Før det blir fatta vedtak om skrivemåten, skal stadnamntenesta gi tilråding om skrivemåte, namneskikk og namnsetjing. Klagar på vedtak skal sendast til vedtaksorganet, og dersom dette ikkje kjem klagar i møte, går saka til Klagenemnda for stadnamnsaker, og det er altså saker som har blitt handsama av denne nemnda i perioden 2012–2022 som er studieobjektet for denne artikkelen. Klagenemnda blir oppnemnd av Kulturdepartementet og har fem medlemmer: ein leiar som er jurist, to språkkunnige medlemmer (éin for bokmål og éin for nynorsk) og to andre medlemmer utan språkfagleg tilknytning. Gjennom perioden 2012–2022 har leiaren vore den

same heile vegen, medan dei to språkkunnige medlemene og dei to lekfolka har blitt skifta ut med jamne mellomrom.¹⁴

Saker som har nådd Klagenemnda for stadnamnsaker i perioden 2012–2022

Klagenemnda for stadnamnsaker har i perioden 2012–2022 handsama 165 saker i alt (Språkrådet 2022). Av desse er det 48 saker som ikkje er relevante for forskingsspørsmåla for denne artikkelen, som altså gjeld skrivemåten av norske stadnamn. Desse 48 sakene handlar nemleg om val av stadnamn, om samiske eller kvenske stadnamn eller er saker som klagenemnda av ulike grunnar anten har avvist, utsett eller sendt attende til vurdering hos opphavleg sakshandsamingsorgan. Med dette står vi att med 117 saker der klagenemnda har fatta vedtak om skrivemåten av norske stadnamn for nærmare analysar.¹⁵ Ein interessant observasjon er at nemnda delte seg i eit mindretal og eit fleirtal i så mykje som 32 av desse 117 sakene (27,4 %), då dette i seg sjølv indikerer at det kan vere vanskeleg å vege dei til dels kryssande omsyna i lover og forskrifter opp mot kvarandre når ein skal fastsetje skrivemåten av stadnamn. I analysane nedanfor vil vi rette særskild merksemd mot dei sakene der nemnda var delt i eit mindretal og i eit fleirtal.

Vi skal først sjå nærmare på dei sakene som gjeld fastsetjing av skrivemåten som blei handsama i klagenemnda i perioden 9.11.2012–30.6.2015, det vil seie medan stadnamnlova av 2005 og den tilhøyrande forskrifta frå 2007 var gjeldande. Deretter skal vi sjå nærmare på dei sakene som gjeld fastsetjing av skrivemåten som blei handsama i klagenemnda i perioden 1.7.2015–30.6.2019, det vil seie medan stadnamnlova av 2015 var gjeldande. Innanfor denne hovudbolken må vi dessutan skilje

-
- 14 Det at nye medlemmer av nemnda kan ha tolka lover og forskrifter annleis enn tidlegare medlemmer, kan sjølvsagt ha vore med på å påverke utfallet av vedtak. Elles vil det naturlegvis kunne vere slik at Kartverket har endra praksis i samsvar med liberaliseringane i lovverket i sine primære vedtak, slik at saker som elles kunne ha enda i klagenemnda, likevel ikkje har det. Men sidan vi ikkje kan vite noko sikkert om dette, har vi halde oss til ein analyse av vedtaka og dei skrivne grunngevingane for desse, slik vi finn dei i referata frå møta i klagenemnda.
 - 15 Vi presiserer at dette er talet på saker slik dei er registrerte i referata frå klagenemnda. Kvar sak kan gjelde alt frå berre eitt einskilt namn til fleire titals namn som er påklaga i ei og same sak, men det klart mest vanlege er at kvar sak inneheld mellom eitt og fem påklaga namn.

mellom saker som blei handsama medan forskrifta frå 2007 framleis var gjeldande, og saker som blei handsama etter at forskrifta som følgde stadnamnlova av 2015 blei gjort gjeldande 23.5.2017. Til slutt skal vi sjå nærare på dei sakene som gjeld fastsetjing av skrivemåten som blei handsama i klagenemnda i perioden 1.7.2019–2.9.2022, det vil seie etter at stadnamnlova av 2019 blei gjort gjeldande. Innanfor denne hovudbolken skal vi vere merksame på at det kan vere eit skilje mellom saker som blei handsama medan forskrifta frå 2017 framleis var gjeldande, og saker som blei handsama etter at forskrifta som følgde stadnamnlova av 2019 blei gjort gjeldande 14.2.2022. Bakgrunnen for at vi har valt ei slik periodisering, er at vi både søkjer svar på spørsmålet om kva for paragrafar ved den til kvar tid gjeldande lova med tilhøyrande forskrift klagenemnda har lagt mest vekt på når ho har fatta vedtak, og på spørsmålet om ein kan sjå endringstendensar i vedtak i klagenemnda som følgje av endringane i lover og forskrifter i den nemnde perioden – og i tilfelle: kva for tendensar?

Eit mønster i veldig mange av sakene som har nådd klagenemnda, er at Kartverket går inn for ein skrivemåte som tek utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen og er i samsvar med gjeldande rettskriving, og som dessutan ofte viser attende til meiningsinnhaldet i namnet, medan kommunar, eigarar, festarar og/eller lokale organisasjonar ønskjer skrivemåtar som er (meir) i samsvar med (nyare) regional eller lokal uttale og/eller med skriftformer som har vore lenge i bruk, og som då gjerne bryt med gjeldande rettskriving og kanskje skuggar for meiningsinnhaldet i namnet. For kvar av dei tre ovanfor nemnde periodane vil vi derfor skilje mellom følgjande tre saksategoriar:

- a) Saker der klagenemnda har fatta vedtak om skrivemåten som er i samsvar med Kartverket sitt vedtak eller Kartverket sin klage, der-
som det er kommunen som har fatta vedtak
- b) Saker der klagenemnda har fatta vedtak om skrivemåten som er i
samsvar med kommunen, eigar(ar), festar(ar) og/eller lokal(e) or-
ganisasjon(ar) sitt ønske

- c) Saker der klagenemnda har fatta vedtak om skrivemåten som er forskjellig både frå vedteken form i vedtaksorganet og frå ønskt form frå klagar¹⁶

For kvar av dei tre periodane vil dei ulike sakene først bli plasserte i ein av desse kategoriane, før vi drøftar det første forskingsspørsmålet for denne artikkelen: Kva for paragrafar ved den gjeldande lova med tilhøyrande forskrift har klagenemnda lagt mest vekt på når ho har fatta vedtak om skrivemåten av dei påklaga stadnamna?

Til slutt i artikkelen skal vi sjå på spørsmålet om kva for paragrafar ved den gjeldande lova med tilhøyrande forskrift klagenemnda har lagt mest vekt på når ho har fatta vedtak i alle dei tre periodane samla, før vi på dette grunnlaget drøftar det andre forskingsspørsmålet for denne artikkelen: Kan ein sjå endringstendensar i faktiske vedtak i klagenemnda som følgje av endringane i lover og forskrifter i perioden 2012–2022 – og i tilfelle: kva for tendensar?

Saker frå perioden 9.11.2012–30.6.2015

- a) Saker der klagenemnda har fatta vedtak om skrivemåten som er i samsvar med Kartverket sitt vedtak eller Kartverket sin klage, dersom det er kommunen som har fatta vedtak

I perioden 9.11.2012–30.6.2015 hadde klagenemnda fem møte i alt, og handsama då til saman 26 saker som enda med vedtak om skrivemåten av norske stadnamn. I så mykje som 16 av desse 26 sakene (61,5 %) har klagenemnda fatta vedtak i samsvar med Kartverket sitt vedtak eller Kart-

16 Nokre få av sakene er av ein slik karakter at dei i liten grad kan bidra til å svare på forskingsspørsmåla for denne artikkelen, og desse vil derfor ikkje bli nærmare omtala her, noko som då forklarar kvifor den samla prosenten for kvar av dei tre sakskategoriene blir litt under 100 i dei to første av dei tre granska periodane. Vi har henta inspirasjon frå kategoriseringa som er brukt i masteroppgåva til Ingvil Nordland (2009), der ho analyserer vedtak som gjeld bruksnamn i Midt-Noreg fatta i Klagenemnda for stadnamnsaker i perioden 1992–2008, som elles er den einaste tidlegare systematiske studien av vedtak i klagenemnda. Sidan denne masteroppgåva berre tek føre seg saker som gjeld bruksnamn frå Midt-Noreg, og dessutan gjeld perioden 1992–2008 då det i hovudsak var stadnamnlova av 1990 som var gjeldande, finn vi det ikkje relevant å samanhalde resultatet frå studien til Nordland (2009) med resultatet i denne studien.

verket sin klage, då vel å merke slik at vedtaka i sju av sakene blei fatta som fleirtalsvedtak.

Som ei typisk sak i denne kategorien kan vi trekkje fram ei sak der Kartverket fatta vedtak om skrivemåtane *Solbjørg* (gards- og bruksnamn), *Solbjørgvannet* og *Solbjørgheia* (naturnamn). Vedtaket blei påklaga av grunneigarane, som i staden ville ha skrivemåtane *Solberg*, *Solbergvannet* og *Solbergheia*, men dei fekk ikkje medhald av klagenemnda. Nemnda vedtok skrivemåtane som Kartverket hadde vedteke med tilvising til at det er desse skrivemåtane som er i samsvar med den lokale nedervde uttalen og gjeldande rettskriving for ‘bjørg’, som ifølgje nemnda tyder «rad av lave berg; bergside», og som nemnda meiner må vere det opphavlege meiningsinnhaldet i namnet. Nemnda fann altså ikkje grunnlag for å gjere unntak frå hovudregelen i stadnamnlova, sjølv om det i proposisjonen som låg til grunn for stadnamnlova av 2005 (Ot.prp. nr. 42, 2004–2005: 33), blir slått fast at «[s]krivemåten av stadnamn kan avvike frå gjeldande rettskrivingsprinsipp når skriftforma har vore lenge i bruk og er vel kjend og innarbeidd, eller at det knyter seg særleg sterke interesser til denne skriftforma». Sjølv om nemnda erkjende at skriftradisjonen for formene på *-berg* var nokså lang og utbreidd, fann ho altså ikkje forma dominerande nok til at det var grunnlag for å gjere unntak frå hovudregelen i stadnamnlova.

Andre saker som har eit liknande vedtaksmønster og ein (tilnærma) likelydande argumentasjon i klagenemnda, er skrivemåtane *Stamsøya* (naturnamn) og *Stamsøy* (gards- og bruksnamn) og *Store Eigerøya* (naturnamn) og *Store Eigerøy* (bruksnamn), som blei vedtekte i staden for dei diftonglause formene som grunneigarane ønskte, skrivemåten *Flægholmen* (naturnamn og bruksnamn), som blei vedteken i staden for *Flækholmen*, som grunneigarane ønskte, skrivemåtane *Stallvika* (gardsnamn) og *Stallvik-* (forledd i naturnamn), som blei vedtekte i staden for *Staldvik* og *Staldvik-*, som kommunen ønskte, skrivemåten *Rosstøl* (gards- og bruksnamn), som blei vedteken i staden for *Rostøl*, som grunneigarane ønskte, skrivemåten *Slåttkoivika* (naturnamn), som blei vedteken i staden for *Slåttkøyvika*, som eit lokallag ønskte, skrivemåtane *Ølshøgda* (eintalsform av naturnamn) og *Ølshøgden* (fleirtalsform), som blei vedtekte i staden for *Elgshøgda*, som kommunen ønskte, og skrivemåten *Skjjerding-* (forledd i naturnamn), som blei vedteken i staden for *Skjæring-*, som grunneigarane ønskte og argumenterte med var i samsvar med den ned-

ervde lokale uttalen. I den sistnemnde saka vurderer klagenemnda det dit at § 3 i forskrifta frå 2007, som slår fast at skrivemåten av stadnamn som inneheld allment kjende ord eller namneledd, som hovudregel skal rette seg etter gjeldande rettskriving, trumfar opninga for skriftformer som avspeglar regionale eller jamvel lokale målmerke i den same paragrafen. Eit anna tydeleg døme på dette finn vi i ei sak der kommunen hadde fatta vedtak om skrivemåten *Høleliå* (vegnamn). Vedtaket blei påklaga av Kartverket som i staden ville ha forma *Hølelia*, noko klagenemnda gav Kartverket medhald i. Hovudargumentasjonen bak vedtaket i nemnda var at ein etter § 4 i stadnamnlova av 2005 skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp, samstundes som § 3 i forskrifta frå 2007 slår fast at namn som inneheld allment kjende ord eller namneledd, som hovudregel skal rette seg etter gjeldande rettskriving, og dessutan at det i rettleiinga til forskrifta blir slått fast at sterke hokjønnsord som hovudregel skal ha a-ending i bunden form eintal, og at dette tilfellet ikkje er mellom dei nemnde unntaka. Nemnda fann såleis heller ikkje her å kunne gjere unntak frå den nemnde hovudregelen, trass i at forskrifta opnar opp for at stadnamna i visse tilfelle kan avspegle regionale og jamvel lokale målmerke, samstundes som å-ending tvillaust er eit regionalt målmerke i det aktuelle området.

I denne perioden finn vi også seks andre saker med liknande vedtaks-mønster og argumentasjon som i sakene ovanfor, men til skilnad frå dei før nemnde sakene har medlemene i klagenemnda vore delt i sitt syn i desse seks sakene. I tre av sakene har fleirtalet i klagenemnda fatta vedtak som går på tvers av den nedervde lokale uttalen, med tilvising til at det ikkje er sterke nok grunnar til å bryte med gjeldande rettskriving. I ei av desse sakene vedtok fleirtalet skrivemåtane *Leikarneset* og *Leikarnesodden* (naturnamn) og *Leikarnes* (bruksnamn som fell saman med nedervd stadnamn) i staden for *Legerneset* og *Legernesodden* og *Legernes*, som er former som nemndfleirtalet dessutan meinte ville skugge for meiningsinnhaldet. I ei anna sak vedtok nemndfleirtalet skrivemåtane *Bråtaberga*, *Vengestadodden*, *Åslandstorget* og *Korsvegen* (adressenamn) i staden for *Bråtaberja*, *Vengestadødden*, *Åslandstørjet* og *Kørsvegen*. I ei tredje sak vedtok fleirtalet skrivemåten *-tjern* (etterledd i naturnamn) i staden for *-tjedm*, som mindretallet argumenterte for med tilvising til at det meinte at denne forma hadde så stor utbreiing at ho måtte bli rekna som eit regionalt

målmerke, og med tilvising til at rettleiinga til forskrifta frå 2007 til ein viss grad opnar for slike former.

I dei tre andre sakene der nemnda var delt, valde derimot fleirtalet å la den nedervde lokale uttalen trumfe høvet for å opne opp for skriftformer som har vore lenge i bruk. Det gjeld mellom anna ei sak der fleirtalet i klagenemnda vedtok skrivemåtane *Vistvågan* (gardsnamn), *Vistvågelva* og *Vistvåghestmarka* (naturnamn) med tilvising til den nedervde lokale uttalen og det opphavlege meiningsinnhaldet, medan mindretalet gjekk inn for skrivemåtane *Vestvågan*, *Vestvågelva* og *Vestvåghestmarka* med tilvising til at desse formene har ein lang skrifttradisjon. På liknande vis argumenterte fleirtalet i nemnda for skrivemåten *Medjå* (gardsnamn) med tilvising til den nedervde lokale uttalen, skrifttradisjonen og dessutan det sannsynlege opphavet, medan mindretalet gjekk inn for skrivemåten *Mediå* med tilvising til ein lang lokal skrifttradisjon for denne forma. Vidare argumenterte nemndfleirtalet for skrivemåten *Raudsand* (gardsnamn) med tilvising til den nedervde lokale uttalen, medan mindretalet gjekk inn for skrivemåten *Rødsand* med tilvising til eit tidlegare vedtak i klagenemnda.

I dei to siste sakene der klagenemnda fatta vedtak i samsvar med Kartverkets vedtak eller klage, er hovudgrunngevinga at ønskt skrivemåte av kommunen eller grunneigarar vil vere brot med § 4 andre ledd i stadnamnlova av 2005, der det heiter at skrivemåten i primærfunksjonen som hovudregel skal vere retningsgivande for skrivemåten i dei andre funksjonane. På dette grunnlaget fatta klagenemnda vedtak om skrivemåtane *Øyem* (gardsnamn) og *Vestre Øyem* og *Austre Øyem* (bruksnamn) i staden for *Øiem* og *Vestre Øiem* og *Austre Øiem*, som grunneigarane ønskte, og om skrivemåtane *Retlovegen*, *Retlostubben*, *Barkaldvegen* og *Figgjadalsvegen* (adressenamn) i staden for *Reitlovegen*, *Reitlostubben*, *Barkaldvegen* og *Figgadalsvegen*, som kommunen ønskte og hadde fatta vedtak om.

b) Saker der klagenemnda har fatta vedtak om skrivemåten som er i samsvar med kommunen, eigar(ar), festar(ar) og/eller lokal(e) organisasjon(ar) sitt ønske

I 6 av dei 26 sakene (23,0 %) som var handsama av klagenemnda i perioden 9.11.2012–30.6.2015, blei det fatta vedtak som var i samsvar med kommunen, eigar(ar), festar(ar) og/eller lokal(e) organisasjon(ar) sitt

ønske, og i to av desse sakene var nemndmedlemene delt i sitt syn. I fem av sakene har det blitt fatta vedtak om skrivemåtar som avvik frå den nedervde lokale uttalen og/eller gjeldande rettskriving anten med tilvising til at den aktuelle skrivemåten er i samsvar med ein nyare lokal uttale eller med tilvising til at det er lang skrifttradisjon for den aktuelle skrivemåten. I desse sakene har nemnda vurdert det slik at det er grunnlag for å følgje opninga i proposisjonen som låg til grunn for stadnamnlova av 2005, om at «[s]krivemåten av stadnamn kan avvike frå gjeldande rettskrivingsprinsipp når skriftforma har vore lenge i bruk og er vel kjend og innarbeidd, eller at det knyter seg særleg sterke interesser til denne skriftforma» og/eller opninga i § 3 av forskrifta frå 2007 om at «[d]et kan likevel veljast regionale samleformer eller reine dialektformer når særlege grunnar talar for det.» Dermed fatta nemnda vedtak om skrivemåten *Opstad* (gards- og bruksnamn) i staden for *Oppstad*, skrivemåten *Mebygdvegen* (adressenamn) i staden for *Medbygdvegen*, skrivemåten *Norem* (gards- og bruksnamn og som førsteledd i naturnamn) i staden for *Nordheim*, skrivemåten *Ødegård* (gards- og bruksnamn som fell saman med nedervd stadnamn) i staden for *Øygarden*, og skrivemåten *Bjørneset* (gards- og bruksnamn som fell saman med nedervd stadnamn) i staden for *Bjørnaset*, då slik at dei to sistnemnde blei fatta som fleirtalsvedtak. I den siste saka var argumentasjonen bak vedtaket om skrivemåtane *Hølbekken* og *Hølbekkmyrin* (naturnamn) i staden for *Holbekken* og *Holbakkmyrin* at dei vedtekne skrivemåtane speglar gjeldande lokale uttale, og at opphavet til førsteleddet er uvisst.

c) Saker der klagenemnda har fatta vedtak om skrivemåten som er forskjellig både frå vedteken form i vedtaksorganet og frå ønskt form frå klagar

I 2 av dei 26 sakene (7,7 %) som var handsama av klagenemnda i perioden 9.11.2012–30.6.2015, fatta nemnda vedtak som var forskjellig både frå vedteken skrivemåte i vedtaksorganet og frå ønskt form frå klagar. Det gjaldt då for det første vedtak om skrivemåten *Horne* (gards- og bruksnamn som fell saman med nedervd stadnamn) i staden for *Honne*, som Kartverket hadde fatta vedtak om, og i staden for *Hånde*, som grunneigarane ønskte. Hovudargumentasjonen bak vedtaket var at den vedtekne skrivemåten er i samsvar med gjeldande rettskrivingsprinsipp og har ein lang skrifttradisjon. For det andre gjaldt det vedtak om skrivemå-

ten *Åbål* (gards- og bruksnamn) i staden for *Åbåll*, som Kartverket hadde fatta vedtak om, og i staden for *Aabel*, som grunneigarane ønskte. Hovudargumentasjonen bak vedtaket var at den vedtekte skrivemåten er i samsvar med den nedervde lokale uttalen og har ein viss skrifttradisjon. Dette vedtaket var elles fatta som eit fleirtalsvedtak, der mindretalet gjekk for skrivemåten *Åbel*, som fleirtalet meinte ville kunne føre til endring av uttalen.

Svaret på det første forskingsspørsmålet for denne første perioden er at klagenemnda i eit klart fleirtal av sakene har lagt størst vekt på hovudregelen i § 4 i stadnamnlova av 2005. Vi har nemleg sett at eit klart fleirtal (61,5 %) av vedtaka i klagenemnda i perioden 9.11.2012–30.6.2015 er i samsvar med Kartverket sitt vedtak eller Kartverket sin klage, og at desse vedtaka i hovudsak blir grunngeevne med tilvising til hovudregelen i § 4 i stadnamnlova av 2005, som tilseier at ein skal ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen og følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk når ein skal fastsetje skrivemåten av norske stadnamn. Særleg det siste momentet har vore tungtvegande når nemnda ikkje har funne det rett å gjere unntak frå hovudregelen. Berre i ein knapp fjerdedel (23,0 %) av sakene har nemnda funne gode nok grunnar til å fatte vedtak om skrivemåtar som avvik frå den nedervde lokale uttalen og/eller gjeldande rettskriving. Det har då i hovudsak skjedd anten med tilvising til proposisjonen som låg til grunn for stadnamnlova av 2005 (Ot.prp. nr. 42, 2004–2005: 32), om at «[s]krivemåten av stadnamn kan avvike frå gjeldande rettskrivingsprinsipp når skriftforma har vore lenge i bruk og er vel kjend og innarbeidd, eller at det knyter seg særleg sterke interesser til denne skriftforma» eller med tilvising til § 3 i forskrifta til stadnamnlova frå 2007, der det blir presisert at «[d]et kan likevel veljast regionale samleformer eller reine dialektformer når særlege grunnar talar for det».

Saker frå perioden 1.7.2015–30.6.2019

Som nemnt ovanfor vart det gjort fleire endringar både i stadnamnlova av 2015 og i forskrifta som følgde den nye lova i 2017, jamført med lova av 2005 og med forskrifta frå 2007. Ei vesentleg endring i sjølve lovteksten var eit nytt ledd i § 6 der det blir slått fast at «[i] saker om skrivemåten av nedervde bruksnamn har eigaren rett til å fastsetje skrivemåten dersom han kan dokumentere at den ønskte skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn», samstundes som eit nytt ledd i § 4 presiserte at hovud-

regelen om at skrivemåten for namn i primærfunksjonen skal vere retningsgjevande for skrivemåten for andre namneobjekt på same staden, *ikkje* gjeld «i dei tilfella der det opphavlege namnet på namneobjektet er eit bruksnamn med ein skrivemåte som er fastsett av grunneigaren». Dette fekk den konsekvensen at klagenemnda ikkje fatta vedtak i nokon av dei 10 sakene der brukseigarane klaga på namna som Kartverket hadde fastsett i denne perioden. I staden fekk brukseigarane opplyst at dei kan bruke den skrivemåten dei sjølv ønskjer på bruka sine, så sant dei kan legge fram dokumentasjon på at denne skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn. Vi kjem derfor ikkje til kommentere desse 10 bruksnamna nærmare i gjennomgangen nedanfor.

Ei anna viktig endring som slo inn i og med forskrifta frå 2017, var, som nemnt ovanfor, at høvet til å bruke regionale samleformer i staden for gjeldande rettskriving i bokmål eller nynorsk blei klart forsterka av § 3 *Særleg om norske stadnamn*, der det heiter at «[s]krivemåten av norske stadnamn skal følgje den rettskrivingsforma *eller regionale samleforma* [mi utheving] som passar best med den nedervde lokale uttalen», og at «[l]okale dialektformer kan veljast når særlege grunnar talar for det». Dessutan blei formuleringa «[h]ar skrivemåten vore lenge i bruk og er vel kjend og innarbeidd, kan ein fråvike gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp» tatt inn i § 1 *Generelle reglar om norske, samiske og kvenske stadnamn* i forskrifta frå 2017. I det følgjande skal vi derfor ha eit særleg auge for om desse endringane i forskrifta har fått utslag i konkrete vedtak gjorde av klagenemnda frå forskrifta blei gjort gjeldande 23.5.2017.

a) Saker der klagenemnda har fatta vedtak om skrivemåten som er i samsvar med Kartverket sitt vedtak eller Kartverket sin klage, dersom det er kommunen som har fatta vedtak

I perioden 1.7.2015–30.6.2019 hadde klagenemnda seks møte i alt, og handsama då til saman 45 saker som enda med vedtak om skrivemåten av norske stadnamn. I så mykje som 29 av desse 45 sakene (64,4 %) har klagenemnda fatta vedtak i samsvar med Kartverket sitt vedtak eller Kartverket sin klage, då vel å merke slik at vedtaka i fire av sakene blei fatta som fleirtalsvedtak.

Som ei typisk sak i denne kategorien kan vi trekkje fram ei sak der Kartverket fatta vedtak om skrivemåten *Undersåker* (gardsnamn), som

blei påklaga av grunneigarane, som i staden ville ha skrivemåten *Undersaker*. Nemnda vedtok skrivemåten som Kartverket hadde vedteke med tilvising til at det er denne skrivemåten som er i samsvar med den lokale nedervde uttalen og gjeldande rettskriving. Nøyaktig same argumentasjon blei brukt i ei sak der klagenemnda fatta vedtak om skrivemåten *Li* (gardsnamn) i staden for *Lid*, som grunneigarane ønskte. Nemnda fann heller ikkje grunnlag for gjere unntak frå hovudregelen om å følge gjeldande rettskriving i ei sak der kommunen ønskte og hadde vedteke skrivemåten *Brekka* (adressenamn), som var i samsvar med den nedervde lokale uttalen og tvillaust også eit regionalt målmerke, sidan rettleinga til den då gjeldande forskrifta frå 2007 ikkje opna opp for hokjønnsending på -å. Dermed fatta nemnda vedtak om skrivemåten *Brekka*.

Andre saker som har eit liknande vedtaksmønster og ein liknande argumentasjon i klagenemnda, men då slik at hovudvekta blir lagt på den nedervde lokale uttalen og dessutan gjerne på at forma skal vise til det opphavlege meiningsinnhaldet, er skrivemåten *Brautene* (gardsnamn) som blei vedteken i staden for *Braute*, som grunneigarane ønskte, skrivemåtene *Urdskleiva* (stinamn) og *Kampesetra* (stølsnamn), som blei vedteke i staden for *Urskleiva* og *Kampeseter*, som grunneigarane ønskte, skrivemåtene *Hakastad* (gardsnamn) og *Hakastadbekken* (naturnamn), som blei vedteke i staden for *Hakestad* og *Hakestadbekken*, som grunneigarane ønskte, skrivemåten *Muddvær* (gardsnamn), som blei vedteken i staden for *Muddvæ*, som grunneigarane ønskte, skrivemåten *Fiskja* (gardsnamn), som blei vedteken i staden for *Fiske*, som grunneigarane ønskte, skrivemåten *Husby* (gardsnamn), som blei vedteken i staden for *Huseby*, som grunneigarane ønskte, skrivemåten *Håem* (gardsnamn) som blei vedteken i staden for *Håhjem*, som grunneigarane og kommunen ønskte, skrivemåtene *Litle Fauskanger* (gardsnamn) og *Litlestølen* (bruksnamn) som blei vedteke i staden for *Lille Fauskanger* og *Lillestølen*, som kommunen ønskte, skrivemåten *Romold* (gardsnamn), som blei vedteken i staden for *Romuld*, som grunneigarane ønskte, skrivemåten *Snøfugl* (gardsnamn), som blei vedteken i staden for *Snefugl*, som grunneigarane ønskte, skrivemåten *Straumen* (og namneleddet *-straum* i andre naturnamn), som blei vedteken i staden for *Strøm*, som grunneigarane ønskte, skrivemåten *Dråga* (gardsnamn), som blei vedteken i staden for *Drågen*, som grunneigarane ønskte, skrivemåten *Gren* (gardsnamn), som blei vedteken i staden for *Green*, som grunneigarane ønskte, skrivemåtene

Stakkvikvegen og *Litlvikvegen* (adressenamn), som blei vedtekne i staden for *Stakvikvegen* og *Lillevikvegen*, som kommunen hadde vedteke, skrivemåten *Tanberg* (gardsnamn), som blei vedteken i staden for *Tandberg*, som grunneigarane ønskte, skrivemåtane *Bostrak* og *Våje* (gardsnamn), som blei vedtekne i staden for *Bustrak* og *Voie*, som grunneigarane og kommunen ønskte, skrivemåten *Holmåk* (gardsnamn), som blei vedteken i staden for *Holmvåg*, som grunneigarane ønskte, skrivemåtane *Oppofte* (gardsnamn) og *Oppofstsvann* (naturnamn), som blei vedtekne i staden for *Opoft* og *Opoftsvann*, som grunneigarane ønskte, skrivemåtane *Høgset* (gardsnamn) og *Høgsetsetra* (seternamn), som blei vedtekne i staden for *Høiseth* og *Høisethsetra*, som kommunen ønskte, og skrivemåten *Skotet* (gardsnamn), som blei vedteken i staden for skrivemåten *Skåte*, som kommunen hadde vedteke. I tillegg fatta nemnda vedtak på liknande grunnlag, dvs. med tilvising til den nedervde lokale uttalen, gjeldande rettskriving og i nokre av tilfella at skrivemåten skal vise til det opphavlege meiningsinnhaldet, for om lag 20 gards-, seter- og naturnamn i Flesberg kommune og for om lag 50 gards-, bruks- og naturnamn i Marker kommune.

I dei fleste av desse sakene argumenterer grunneigarane og/eller kommunen med lang skriftradisjon og/eller samsvar med gjeldande lokal eller regional uttale for dei alternative skrivemåtane, utan at nemnda fann å kunne gjere unntak frå hovudreglane i stadnamnlova og i tilhøyrande forskrift. Dette trass i at dei fleste av desse sakene (frå *Husby* og nedover i avsnittet ovanfor) blei handsama etter at forskrifta frå 2017 blei gjort gjeldande, der det altså blir slått fast skrivemåten av stadnamn skal følgje den rettskrivingsforma *eller* den regionale samleforma som passar best med den nedervde lokale uttalen, samstundes som det blir opna for at ein kan fråvike gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp dersom skrivemåten har vore lenge i bruk og er vel kjend og innarbeidd, noko grunneigarane og/eller kommunen meiner å kunne dokumentere for mange av dei alternative skrivemåtane.

I denne perioden finn vi også fire andre saker med liknande vedtaks-mønster og argumentasjon som i sakene ovanfor, men til skilnad frå dei før nemnde sakene har medlemene i klagenemnda vore delt i sitt syn i desse fire sakene. I tre av sakene har fleirtalet i klagenemnda fatta vedtak om skrivemåtar først og fremst med tilvising til den nedervde lokale uttalen, det opphavlege meiningsinnhaldet og det at alternative skrivemåtar kan medføre endring av den nedervde lokale uttalen, medan mindretalet

har argumentert for skrivemåtar med tilvising til at dei er i samsvar med gjeldande lokal uttale og/eller ein viss skriftradisjon og grunneigarane sitt ønske. Det gjeld då skrivemåtane *Gulstad*, *Mebost* og *Høyhjellane* (gardsnamn), som blei vedtekne i staden for *Gustad*, *Mebust* og *Høghjellane*. I den fjerde saka var derimot hovudargumentasjonen bak fleirtalsvedtaket i nemnda at ein måtte følgje gjeldande rettskriving, medan mindretalet argumenterte for at ein burde opne opp for dei alternative skrivemåtane, då desse hadde vore lenge i bruk, og då § 1 i forskrifta frå 2017 (som var gjort gjeldande på vedtakstidspunktet) opnar opp for å avvike frå gjeldande rettskriving på dette grunnlaget. Dermed blei skrivemåtane *Helldal* og *Sandnes* (gardsnamn) vedtekne i staden for *Heldal* og *Sannes*.

I den siste saka der klagenemnda fatta vedtak i samsvar med Kartverkets vedtak eller klage, er hovudgrunngevinga at ønskt skrivemåte av kommunen vil vere brot med § 4 andre ledd i stadnamnlova av 2015, der det heiter at skrivemåten i primærfunksjonen som hovudregel skal vere retningsgivande for skrivemåten i dei andre funksjonane. På dette grunnlaget fatta klagenemnda vedtak om skrivemåtane *Gådalsvegen* og *Vassskorvegen* (adressenamn) i staden for *Godalsvegen* og *Vassgårdvegen*, som kommunen ønskte og hadde fatta vedtak om.

b) Saker der klagenemnda har fatta vedtak om skrivemåten som er i samsvar med kommunen, eigar(ar), festar(ar) og/eller lokal(e) organisasjon(ar) sitt ønske

I 11 av dei 45 sakene (24,4 %) som var handsama av klagenemnda i perioden 1.7.2015–30.6.2019, blei det fatta vedtak som var i samsvar med kommunen, eigar(ar), festar(ar) og/eller lokal(e) organisasjon(ar) sitt ønske, og i fire av desse sakene var nemndmedlemene delt i sitt syn. Tre av sakene blei handsama før forskriftsendringa blei gjort gjeldande våren 2017, og i desse sakene blei det fatta fleirtalsvedtak om skrivemåtane *Skår* (gardsnamn), *Tvedalen* (gardsnamn og forledd i naturnamn) og *Klokset* (gardsnamn) i staden for *Skor*, *Tveidalen* og *Klokkset*, som Kartverket hadde fatta vedtak om. I dei to førstnemnde tilfella meinte fleirtalet at ein kunne gjere unntak frå hovudregelen om at ein skal ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen, sidan dei vedtekne formene var i samsvar med gjeldande lokal uttale for mange av innbyggjarane og dessutan hadde ein lang skriftradisjon, sjølv om desse skrivemåtane ikkje reflekterer det his-

toriske opphavet til namna. I det sistnemnde tilfellet blei det gjort unntak frå hovudregelen om å følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp med tilvising til at den vedtekne skrivemåten har lang skriftradisjon, og at ein slik skrivemåte ikkje vil medføre fare for endring av den nedervde lokale uttalen (sidan rotvokalen blir følgd av ei konsonantgruppe og dermed vil vere kort).

Åtte av sakene blei handsama etter at forskriftsendringa blei gjort gjeldande våren 2017, og i to av desse sakene blei det fatta fleirtalsvedtak om skrivemåtar som avvik frå gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp med tilvising til at dei vedtekne skrivemåtane har lang skriftradisjon og til opninga for å gjere unntak på slikt grunnlag i § 1 av den nye forskrifta. Det gjeld då skrivemåtane *Jønland* (gardsnamn) og *Skjeggstad* (gardsnamn), som blei vedtekne i staden for skrivemåtane *Jønnland* og *Skjeggstad*, som Kartverket hadde fatta vedtak om.

Dei seks andre sakene er særleg interessante i denne samanhengen, sidan det i alle desse sakene har blitt fatta vedtak om skrivemåtar som avvik frå gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp med spesifikk tilvising til § 3 i forskrifta frå 2017 der det heiter at skrivemåten av norske stadnamn skal følgje den rettskrivingsforma *eller* den regionale samleforma som passar best med den nedervde lokale uttalen. På dette grunnlaget blei det fatta vedtak om skrivemåtane *Sørneset*, *Mellomneset* og *Lauvøynesset* (naturnamn) i staden for *Sørneset*, *Mellomneset* og *Lauvøynesset*, skrivemåten *Rongja* (naturnamn) i staden for *Ronga*, skrivemåten *Morkjo* (adressenamn) i staden for *Morka*, skrivemåtane *Årbakkaheio* og *Eiabrekko* (adressenamn) i staden for *Årbakkaheia* og *Eiabrekka*, skrivemåten *Pinå* (adressenamn) i staden for *Pina* og skrivemåten *Tjødnåsen* (adressenamn) i staden for *Tjernåsen*. Det kan leggast til at dei to sistnemnde vedtaka blei gjorde trass i at retningslinjene som følgde forskrifta av 2007 ikkje opnar for å-ending i svake hokjønnsord eller *dn* i staden for *rn* (men derimot for *dn* i staden for *nn*), og trass i at dei nye retningslinjene som skulle følgje den nye forskrifta av 2017, som opnar for å-ending og *dn* i staden for *rn*, førebels berre var sende på høyring, men ikkje vedtekne, då nemnda fatta vedtaka.

c) Saker der klagenemnda har fatta vedtak om skrivemåten som er forskjellig både frå vedteken form i vedtaksorganet og frå ønskt form frå klagar

I 3 av dei 45 sakene (6,7 %) som var handsama av klagenemnda i perioden 1.7.2015–30.6.2019, fatta nemnda vedtak som var forskjellig både frå vedteken form i vedtaksorganet og frå ønskt form frå klagar. Den første av desse blei handsama to gonger på to ulike tidspunkt i klagenemnda. Første gongen fatta nemnda fleirtalsvedtak om skrivemåten *Ormøyviga* (adressenamn) i staden for *Ormøyvigå*, som kommunen hadde fatta vedtak om, og i staden for skrivemåten *Ormøyvika*, som Kartverket ville ha. Mindretalet i nemnda argumenterte for skrivemåten *Ormøyvigå*, då denne forma er heilt i tråd med den nedervde uttalen samstundes som det i forskrifta står at det kan veljast regionale samleformer eller reine dialektformer når særlege grunnar talar for det, men fleirtalet meinte at dette ville vere å gå for langt, då det ikkje er opna opp for *å*-ending i ho-kjønnsord i rettleiinga til forskrifta frå 2007, som framleis var gjeldande då dette første vedtaket blei fatta i 2015. Når kommunen ikkje fekk gjennomslag for skrivemåten *Ormøyvigå*, vurderte ein det slik at skrivemåten *Ormøyvika* var betre enn skrivemåten *Ormøyviga*, og klaga dermed saka inn på nytt, noko som førte til at klagenemnda fatta nytt vedtak om skrivemåten *Ormøyvika* i 2016. Dei to neste sakene var derimot handsama etter at forskrifta frå 2017 var gjort gjeldande. I den første av desse fatta nemnda vedtak om skrivemåtane *Basskår* og *Basskårkverna* (gardsnamn og kulturnamn) i staden for *Basskor* og *Basskorkverna*, som Kartverket hadde vedteke, og i staden for *Basgård* og *Basgårdkverna*, som kommunen ønskte. Argumentasjonen bak vedtaket var at *gård* vil skugge for meiningsinnhaldet og dermed vere i strid med § 1 i stadnamnlova, som handlar om å ta vare på namn som kulturminne, og med tilvising til § 4 i lova, som opnar opp for forma *skår*, sidan denne forma har ein lang skrifttradisjon og dessutan er i samsvar med gjeldande rettskriving og nærmare klagars ønske. I den andre av desse sakene vedtok nemnda skrivemåtane *Tøssebru* (bruksnamn), *Tøssebruvåg* og *Tøssebruneset* (naturnamn) i staden for *Tyssebru*, *Tyssebruvåg* og *Tyssebruneset*, som Kartverket hadde vedtatt, og i staden for *Tøssebro*, *Tøssebrovåg* og *Tøssebruneset*, som kommunen ønskte. Argumentasjonen bak vedtaket var at skrifttradisjonen er vaklande og den nedervde lokale uttalen er usikker for førsteleddet, medan andreleddet har tydelegare tilknytning til eit appellativ som er eit vanleg kjent ord, samstundes som nynorsk er målforma i den aktuelle kommunen.

Svaret på det første forskingsspørsmålet for denne andre perioden er at klagenemnda i eit klart fleirtal av sakene har lagt mest vekt på hovudregelen i § 4 *Reglar om skrivemåten* i stadnamnlova av 2015. Vi har nemleg sett at eit klart fleirtal (64,4 %) av vedtaka i klagenemnda i perioden 1.7.2015–30.6.2019 er i samsvar med Kartverket sine vedtak eller klagar, og at desse vedtaka i hovudsak blir grunngeivne med tilvising til hovudregelen i § 4 i stadnamnlova av 2015, som framleis tilseier at ein ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn skal ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen og følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk. Særleg det siste momentet har vore tungtvegande når nemnda ikkje har funne det rett å gjere unntak frå hovudregelen. Berre i ein knapp fjerdedel (24,4 %) av sakene har nemnda funne gode nok grunnar til å fatte vedtak om skrivemåtar som avvik frå den nedervde lokale uttalen og/eller gjeldande rettskriving. Det store fleirtalet av desse sakene (8 av 11) blei handsama i klagenemnda etter at forskrifta frå 2017 blei gjort gjeldande, og i den nye forskrifta blei det altså for det første presisert at ein skulle følgje den rettskrivingsforma *eller* den regionale samleforma som passar best med den nedervde lokale uttalen, og for det andre at ein kunne avvike frå gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp dersom skrivemåten har vore lenge i bruk og er vel kjend og innarbeidd. Trass i at det berre blir gjort unntak frå hovudregelen i om lag ein fjerdedel av vedtaka i perioden 1.7.2015–30.6.2019 samla sett, ser vi altså tendensar til endring i vedtakspraksisen etter at den nye forskrifta blei gjort gjeldande 23.5.2017.

Saker frå perioden 1.7.2019–2.9.2022

Det vart gjort fleire endringar både i stadnamnlova av 2019 og i forskrifta som følgde den nye lova i 2022 jamført med lova av 2015 og med forskrifta frå 2017. Dei fleste av desse var likevel mindre justeringar som ikkje kan seiast å ha direkte innverknad på vurderingar av kva for skrivemåtar norske stadnamn bør eller skal ha, og desse vil derfor ikkje bli vidare kommenterte i gjennomgangen nedanfor. Men éi av endringane må kunne hevdast å vere særleg relevant for fastsetjinga av skrivemåten, og det er at formuleringa «[h]ar skrivemåten vore lenge i bruk og er vel kjend og innarbeidd, kan ein fråvike gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp» blei løfta opp frå forskrift til § 4 *Reglar om skrivemåten* i sjølve lovteksten. Vi har nemleg sett at Kulturdepartementet (*Prop. 65 L. Endringar i stadnamnlova*) presiserte at dette blei gjort for å gje kommunane

større innverknad på fastsetjing av skrivemåten. I det følgjande skal vi derfor ha eit særleg auge for om denne lovendringa har fått utslag i vedtak gjorde av klagenemnda i denne perioden.

a) Saker der klagenemnda har fatta vedtak om skrivemåten som er i samsvar med Kartverket sitt vedtak eller Kartverket sin klage, dersom det er kommunen som har fatta vedtak

I perioden 1.7.2019–2.9.2022 hadde klagenemnda seks møte i alt, og handsama då til saman 46 saker som enda med vedtak om skrivemåten av norske stadnamn. I så mykje som 34 av desse 46 sakene (73,9 %) har klagenemnda fatta vedtak i samsvar med Kartverket sitt vedtak eller Kartverket sin klage, då vel å merke slik at vedtaka i åtte av sakene blei fatta som fleirtalsvedtak.

Som ei typisk sak i denne kategorien kan vi trekkje fram ei sak der Kartverket fatta vedtak om skrivemåtane *Fossby*, *Flateby* og *Følingen* (gardsnamn) som blei påklaga av grunneigarane, som i staden ville ha skrivemåtane *Fosby*, *Fladeby* og *Fyldeng*. Nemnda vedtok skrivemåtane som Kartverket hadde vedteke, med tilvising til at det er desse skrivemåtane som er i samsvar med den lokale nedervde uttalen og gjeldande rettskriving. Sjølv om det i § 4 i lova av 2019 blir slått fast at ein kan avvike frå rettskrivinga dersom ein skrivemåte har vore lenge i bruk, vurderer nemnda det slik at det ikkje er ein eintydig nok skriftradisjon for dei alternative skrivemåtane til at det er grunnlag for å avvike frå gjeldande rettskriving i dette tilfellet.

Andre saker som har same vedtaksmønster og ein liknande argumentasjon i klagenemnda, er skrivemåten *Skåmedal* (gards-, seter- og naturnamn), som blei vedteken i staden for *Skomedal*, som grunneigarane og kommunen ønskte, skrivemåten *Hansesættet* (eigedomsnamn og forledd i naturnamn), som blei vedteken i staden for *Hansesætre* eller *Hansesæter*, som grunneigarane ønskte, skrivemåten *Legene* (naturnamn), som blei vedteken i staden for *Legena*, som grunneigarane ønskte, skrivemåten *Giparneset* (naturnamn), som blei vedteken i staden for *Iberneset*, som eit burettslag ønskte, *Ersåker* (gardsnamn og avleidde naturnamn), som blei vedteken i staden for *Ertsaker*, som grunneigarane ønskte, *Lone* (gardsnamn og avleidde gardsnamn), som blei vedteken i staden for *Lohne*, som grunneigarane ønskte, skrivemåten *Bås* (gardsnamn og avleidde namn), som blei vedteken i staden for *Baas*, som grunneigarane ønskte og skri-

vemåtane *Gårdselva* og *Gårdselvtinden* (naturnamn), som blei vedtekne i staden for *Gorzelva* og *Gorzeltinden*, som grunneigarane ønskte.

Andre saker som har eit liknande vedtaksmønster og ein liknande argumentasjon i klagenemnda, men då slik at hovudvekta blir lagt på den nedervde lokale uttalen, den lengste skrifttradisjonen og dessutan gjerne på at forma skal vise til det opphavlege meiningsinnhaldet, er skrivemåtane *Heggdal*, *Orrestad*, *Reg* og *Lauvland* (gardsnamn med avleide namn), som blei vedtekne i staden for *Hegdal*, *Årrestad*, *Ræg* og *Løvland*, som kommunen ønskte, skrivemåtane *Tveekra* og *Treekra* (gardsnamn), som blei vedtekne i staden for *Tveekrem* og *Treekrem*, som grunneigarane og kommunen ønskte, skrivemåten *Kjernfjellet* (naturnamn og avleide namn), som blei vedteken i staden for *Tjernfjellet*, som to lokale lag og kommunen ønskte, skrivemåten *Bekkjorden* (gardsnamn), som blei vedteken i staden for *Bekjorden*, som grunneigarane ønskte, skrivemåtane *Sundbulie*, *Tjønnsset* og *Tråsåvike* (gardsnamn, seternamn og naturnamn), som blei vedtekne i staden for *Sondbulie*, *Kjønset* og *Tråsåviken*, som eit lokalt historielag ønskte, skrivemåten *Tjønntveit*, som blei vedteken i staden for *Kjøntveit* eller *Kjøntvedt*, som grunneigarane ønskte, skrivemåten *-stogo* (etterledd i naturnamn, gardsnamn og adressenamn) som blei vedteken i staden for *-stugu*, som grunneigarane ønskte, skrivemåten *Heiemark* (gardsnamn og avleide naturnamn og adressenamn), som blei vedteken i staden for *Heimark*, som kommunen ønskte, skrivemåten *Åtnes* (gardsnamn med avleide namn), som blei vedteken i staden for *Otternes*, som grunneigarane ønskte, skrivemåten *Harbakken* (gardsnamn), som blei vedteken i staden for *Harbakk*, som grunneigarane ønskte, skrivemåten *Søre Klemoen* (gardsnamn), som blei vedteken i staden for *Søndre Klevmoen*, som grunneigarane ønskte og skrivemåten *Inner-Elgnes* (gardsnamn), som blei vedteken i staden for *Indre Elgsnes*, som grunneigarane ønskte. I den sistenemnde saka kan det leggst til at grunneigarane meinte å kunne dokumentere ein meir enn tre hundre år gammal skrifttradisjon for den skrivemåten som dei ønskte, samstundes som dei hevda at denne skrivemåten er i samsvar med gjeldande lokal uttale. Vi kan også merke oss at klagenemnda vedtok skrivemåten *Myklemarka* (adressenamn), som kommunen hadde fatta vedtak om, i staden for *Myklamarkå*, som det lokale mållaget ønskte, men då med tilvising ikkje berre til gjeldande rettskriving, men også til eit prinsippvedtak i kommunen om bruk av *a/å*-ending stadnamn.

I denne perioden finn vi også sju andre saker med liknande vedtaks-mønster som i sakene ovanfor, men til skilnad frå dei før nemnde sakene har medlemene i klagenemnda vore delt i sitt syn i desse sju sakene. I tre av sakene har fleirtalet i klagenemnda fatta vedtak om skrivemåtar først og fremst med tilvising til den nedervde lokale uttalen, medan mindretalet har argumentert for skrivemåtar med tilvising til at dei er i samsvar med gjeldande lokal uttale og/eller ein viss skrifttradisjon og grunneigarane eller kommunen sitt ønske. Det gjeld då skrivemåtane *Hveinemo* og *Bjørkenes* (gardsnamn), *Jøvika* (bygdelagsnamn) og *Beinestad* (gardsnamn og avleidde namn), som blei vedtekne i staden for *Vennemo* og *Bjerkenes*, *Jøvik* og *Benestad*.

I tre av sakene var derimot hovudargumentasjonen bak fleirtalsvedtaka i nemnda at ein måtte følgje gjeldande rettskriving eller vanleg normeringspraksis og språkføring, medan mindretalet argumenterte for at ein burde opne opp for dei alternative skrivemåtane, då desse hadde vore lenge i bruk. Det gjeld då skrivemåtane *Ost* (gardsnamn, naturnamn og avleidde namn), *Litleåsen* (naturnamn) og *Øvre Lærdal* (gardsnamn), som blei vedtekne i staden for *Oust*, *Lisjeåsen* og *Lærdal Øvre*.

I den siste saka der nemnda var delt, fatta fleirtalet vedtak om skrivemåten *Trifan-* (naturnamn og tunnelnamn) med tilvising til at denne forma speglar dei kvenske og samiske namneformene, medan mindretalet argumenterte for skrivemåten *Trifon-* med tilvising til at denne forma speglar den vanlege norske uttalen og stemmer med helgennamnet plassen er oppkalla etter.

I dei to siste sakene der klagenemnda fatta vedtak i samsvar med Kartverkets vedtak eller klage, er grunngjevinga bak vedtaka at ein skal følgje etablerte mønster for norsk namnelaging. På denne bakgrunnen fatta nemnda vedtak om skrivemåtane *Sygnevegen* (bygdelagsnamn) og *Bjørnøyvegen* (adressenamn) i staden for *Sygnavegen* og *Bjørnøyavegen*, som dei to aktuelle kommunane hadde fatta vedtak om.

b) Saker der klagenemnda har fatta vedtak om skrivemåten som er i samsvar med kommunen, eigar(ar), festar(ar) og/eller lokal(e) organisasjon(ar) sitt ønske

I 11 av dei 46 sakene (23,9 %) som var handsama av klagenemnda i perioden 1.7.2019–2.9.2022, blei det fatta vedtak som var i samsvar med kommunen, eigar(ar), festar(ar) og/eller lokal(e) organisasjon(ar) sitt

ønske, og i fem av disse sakene var nemndmedlemene delt i sitt syn. I fem av sakene har det blitt fatta vedtak om skrivemåtar som avvik frå den nedervde lokale uttalen og/eller gjeldande rettskriving, anten med tilvising til at den aktuelle skrivemåten er i samsvar med ein nyare lokal uttale og/eller at det er lang skrifttradisjon for den aktuelle skrivemåten, og i fleire av desse sakene blir det vist spesifikt til det faktum at formuleringa «[h]ar skrivemåten vore lenge i bruk og er vel kjend og innarbeidd, kan ein fråvike gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp» var teken inn i § 4 i sjølve lovteksten i stadnamnlova av 2019, og til at intensjonane med lovendringa var å gje kommunane (og grunneigarane) meir fridom. Dermed fatta nemnda vedtak om skrivemåten *Stokksund* (bygdelagsnamn) i staden for *Stokksund*, skrivemåten *Græsli* (adressenamn) i staden for *Gresslia*, skrivemåten *Gislefoss* (gardsnamn) i staden for *Geislafoss*, skrivemåten *Veggum* (gardsnamn og avleidde namn) i staden for *Veggem* og skrivemåtane *Kjølleberg* og *Senegre* (gardsnamn og avleidde namn) i staden for *Kylleberg* og *Sennegre*. I den siste saka var argumentasjonen bak vedtaket om skrivemåten *Sandvann* (gardsnamn) i staden for skrivemåten *Sandvatn* at den vedtekne skrivemåten faktisk er i samsvar med den nedervde lokale uttalen og gjeldande rettskriving.

I denne perioden finn vi også fem andre saker med liknande vedtaks-mønster og argumentasjon som i sakene ovanfor, men til skilnad frå dei før nemnde sakene, har medlemene i klagenemnda vore delt i sitt syn i desse fem sakene. I desse sakene blei det fatta fleirtalsvedtak om skrivemåtane *Haneberg* (gardsnamn og avleidde namn), *Hvåle* (gardsnamn og avleidde namn), *Lille Fauskanger* (gardsnamn), *Sannes* (gardsnamn og avleidde naturnamn) og *Oppsal* (gardsnamn) i staden for *Hanaberg*, *Gvåle*, *Litle Fauskanger*, *Sandnes* og *Oppsal*, som Kartverket hadde fatta vedtak om. Dei tre siste av desse vedtaka er særleg interessante i denne samanhengen, fordi dei inneber omgjerung av tidlegare vedtak i klagenemnda med direkte tilvising til den nemnde endringa i § 3 i stadnamnlova av 2019 – jf. ovanfor.

c) Saker der klagenemnda har fatta vedtak om skrivemåten som er forskjellig både frå vedteken form i vedtaksorganet og frå ønskt form frå klagar

Berre i éi av dei 46 sakene (2,2 %) som var handsama av klagenemnda i perioden 1.7.2019–2.9.2022, fatta nemnda vedtak som var forskjellig

både frå vedteken skrivemåte i vedtaksorganet og frå ønskt skrivemåte frå klagar. Her vedtok nemnda skrivemåtane *Hallvardalen* og *Hallvaråsen* (naturnamn) i staden for *Hallvarddalen* og *Hallvardåsen*, som Kartverket hadde fatta vedtak om, og i staden for *Halvardalen* og *Halvaråsen*, som kommunen ville ha. Argumentasjonen for å halde på dobbel *l* var at nemnda meinte at denne skrivemåten ville sikre uttale av palatal *l*, medan nemnda derimot ikkje fann sterke nok grunnar for å halde på *d* i utlyd, all den tid det var sterke lokale ønske om å fjerne han.

Svaret på det første forskingsspørsmålet for denne tredje perioden er at klagenemnda i eit klart fleirtal av sakene har lagt størst vekt på hovudregelen i § 4 *Reglar om skrivemåten* i stadnamnlova av 2019. Vi har nemleg sett at det i denne tredje perioden var heile 73,9 % av vedtaka som var i samsvar med Kartverket sine vedtak eller klagar. Som i dei to første periodane blei desse vedtaka i hovudsak grunngevrne med tilvising til hovudregelen i § 4 i stadnamnlova, som også etter lovrevisjonen tilseier at ein ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn skal ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen og følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk. Berre i ein knapp fjerdedel (23,9 %) av sakene har nemnda funne gode nok grunnar til å fatte vedtak om skrivemåten som avvik frå den nedervde lokale uttalen og/eller gjeldande rettskriving. I dei aller fleste av sakene (10 av 11) der klagenemnda har fatta vedtak om skrivemåten som avvik frå den nedervde lokale uttalen og/eller gjeldande rettskriving i perioden 1.7.2019–2.9.2022, blei vedtaka fatta med tilvising til at den aktuelle skrivemåten er i samsvar med ein nyare lokal uttale og/eller at det er lang skriftradisjon for den aktuelle skrivemåten, og i fleire av desse sakene blir det vist spesifikt til at formuleringa «[h]ar skrivemåten vore lenge i bruk og er vel kjend og innarbeidd, kan ein fråvike gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp» var teken inn i § 4 i sjølve lovteksten i stadnamnlova av 2019.

Oppsummering og konklusjon

Det første forskingsspørsmålet for denne studien var kva for paragrafar ved den til kvar tid gjeldande lova med tilhøyrande forskrift klagenemnda har lagt mest vekt på når ho har fatta vedtak om skrivemåten av stadnamn i perioden 2012–2022. Vi har sett at nemnda har følgd hovudregelen i § 4 *Reglar om skrivemåten* i stadnamnlova i eit klart fleirtal av sakene gjennom heile den granska perioden. I så mykje som 79 av dei i alt 117

granska sakene har nemnda fatta vedtak som er i samsvar med innstillinga eller klagen frå Kartverket, noko som svarar til om lag to tredjedelar (67,5 %) av alle sakene. Typisk for desse sakene er at Kartverket, og dermed klagenemnda, har lagt avgjerande vekt på hovudregelen om at ein ved fastsetjing av skrivemåten av norske stadnamn skal ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen, samstundes som namna skal vere i samsvar med gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk og (som hovudregel) gjeldande rettskriving for bokmål og nynorsk. Ikkje dess mindre har vi også sett at klagenemnda har fatta ein god del vedtak som er i samsvar med ønskte skrivemåtar frå kommunar, eigarar, festarar og/eller lokale organisasjonar. Det gjeld i 28 av dei 117 sakene, dvs. i ein knapp fjerdedel (23,9 %) av alle sakene. Typisk for desse sakene er at klagenemnda har lagt vekt på ulike unntak frå hovudreglane i lover og forskrifter, slik at dei vedtekne skrivemåtane er (meir) i samsvar med (nyare) regional eller lokale uttale og/eller med skriftformer som har vore lenge i bruk, og som då gjerne bryt med gjeldande rettskriving.

Det andre forskingsspørsmålet for studien var om ein kan sjå endringstendensar i vedtak i klagenemnda som følgje av endringane i lover og forskrifter i perioden 2012–2022 – og i tilfelle: kva for tendensar? Vi har nemleg sett at høvet til å bruke regionale samleformer i staden for gjeldande rettskriving blei klart forsterka av § 3 *Særleg om norske stadnamn* i *Forskrift om stadnamn* som følgde den reviderte stadnamnlova av 2015 i 2017, samstundes som formuleringa «[h]ar skrivemåten vore lenge i bruk og er vel kjend og innarbeidd, kan ein fråvike gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp», blei løfta opp i § 1 *Generelle reglar om norske, samiske og kvenske stadnamn* i den nye forskrifta, før formuleringa blei løfta vidare opp frå forskrift til § 4 *Reglar om skrivemåten* i sjølve lovteksten i den reviderte stadnamnlova av 2019. Ein kunne såleis vente at kommunar og grunneigarar, som i dei granska sakene typisk ønskjer skrivemåtar som er (meir) i samsvar med (nyare) regional eller lokal uttale og/eller med skriftformer som har vore lenge i bruk, i større grad får gjennomslag for sine ønske etter kvart som forskriftene og lovene utover i perioden i stadig større grad opnar opp for å gjere unntak frå hovudreglane om at ein skal følgje rettskrivingsprinsippa for norsk og rettskriving for bokmål og nynorsk ved fastsetjing av skrivemåten av norske stadnamn. Gjennomgangen av sakene i kvar av dei tre granska delperiodane gjev derimot ikkje statistisk grunnlag for å hevde at det har vore ei slik utvik-

ling i vedtak fatta av Klagenemnda for stadnamnsaker. Tvert imot har delen av saker der kommunane og grunneigarane har fått gjennomslag halde seg stabil like i underkant av 25 % i kvar av dei tre periodane. Når det er sagt, har vi også sett at klagenemnda har fatta vedtak i favør av kommunane og grunneigarane med spesifikk tilvising til dei nyare unntaksbestemmingane i ei rekkje einskildsaker etter lov- og forskriftsendringa i 2015/2017 og etter lovendringa i 2019. Dessutan er det jo godt mogeleg at Kartverket har endra praksis i samsvar med liberaliseringane i lovverket i sine primære vedtak. Ein kan slik tenke seg at dersom Kartverket ikkje hadde teke omsyn til liberaliseringane, så ville klagenemnda ha fått inn fleire saker der dei kanskje hadde gjeve kommunane og grunneigarane medhald enn det statistikken ovanfor syner.

På eitt felt blir det iallfall sjeldan gjort unntak frå hovudreglane om å ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen og følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp og rettskriving, og det er når grunneigarane eller kommunen ønskjer danske skrivemåtar. I *Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn* blir det då også presisert at omgrepet «nedervd lokal uttale», som i § 2 e i stadnamnlova er definert som «den uttalen som er munnleg og skriftleg overlevert frå tidlegare generasjonar, som har vore vanleg på staden, og som framleis er i levande bruk», står «i motsetnad til formvariantar som har kome inn utanfrå, enten gjennom *dansk skrift* [mi utheving] i eldre tid, eller gjennom nylaga eller innførte former i nyare tid.» Ikkje dess mindre har vi sett nokre få eksempel på at lovendringa i 2019 har ført til at klagenemnda har fatta vedtak om danske skrivemåtar som *Græsli* og *Stoksund*, og jamvel også har gjort om på tidlegare vedtak i nemnda, slik som *Litle Fauskanger* > *Lille Fauskanger*, *Oppsal* > *Opsal* og *Sandnes* > *Sannes*.

Samla sett indikerer dette at lov- og forskriftsendringane, som i all hovudsak handlar om å i større grad opne opp for skrivemåtar som har vore lenge i bruk og/eller regionale uttaleformer, har ført til ei viss liberalisering når det kjem til vedtak i klagenemnda. Likevel syner statistikken at hovudreglane om at ein skal ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen og følgje gjeldande rettskrivingsprinsippa og rettskriving ved fastsetjing av skrivemåtar for stadnamn, har vore avgjerande for eit klart fleirtal av vedtaka fatta i klagenemnda gjennom heile den her granska perioden.

Litteratur

- Bakken, Kristin. 1997. «Nedervd uttale» av stedsnavn – ei problematisering. *Namn og Nemne* 14: 43–58.
- Helleland, Botolv. 1999. «Nedervd uttale» – ein merknad. *Namn og Nemne* 16: 7–14.
- Nordland, Ingvil. 2009. Normering av stedsnavn i skjæringspunktet mellom vedtaksorgan og grunneier. En analyse med bakgrunn i klagenemndas behandling av saker fra Midt-Norge i perioden 1992–2008. Masteroppgave, Universitetet i Oslo.
- Pedersen, Aud-Kirsti. 2016. Is the Official Use of Names in Norway Determined by the Place-Names Act or by Attitudes? I *Names and Naming. People, Places, Perceptions and Power, Multilingual Matters* 163, red. av Guy Puzey & Laura Konstanski, 213–228. Bristol: Multilingual Matters.
- Vikør, Lars S. 1997. Rettskrivingsprinsipp og stadnamnormering. I *Språket er målet. Festskrift til Egil Pettersen*, red. av Jarle Bondevik, Gjert Kristoffersen, Oddvar Nes & Helge Sandøy, 200–214. Bergen: Alma Mater.

Forskrifter, lover, høyringar og protokollar om stadnamn

Forskrift om skrivemåten av stadnamn. 1.6.2007. Henta frå: <https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2007-06-01-592>

Forskrift om stadnamn. 23.5.2017. Henta frå:

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-05-23-638>

Forskrift om endring i forskrift om stadnamn. 14.2.2022. Henta frå: <https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2022-02-14-381>

Lov om stadnamn. I *Kulturminneloven; Stadnamnlova (lov om stadnamn) av 18. mai 1990 nr. 11, med endringer, sist ved lov av 21. juni 2019 nr. 59 (i kraft 1. juli 2019), samt forskrift*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Lov om endringar i lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn m.m. 10.6.2005. Henta frå: <https://lovdata.no/dokument/LTI/lov/2005-06-10-53>

Lov om endringar i lov om stadnamn (om høvet grunneigaren har til å fastsetje skrivemåte av bruksnamn m.m.). 19.6.2015. Henta frå: <https://lovdata.no/dokument/LTI/lov/2015-06-19-74>

Lov om stadnamn (stadnamnlova). 21.6.2019. Henta frå: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1990-05-18-11>

Ot.prp. nr. 42 (2004–2005). Om lov om endringer i lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn m.m. Henta frå:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/otprp-nr-42-2004-2005-/id396241/?ch=1>

Prop. 65 L (2018–2019). Proposisjon til Stortinget. Endringer i stadnamnlova (organisering av stadnamntenesta m.m.). Henta frå: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-65-l-20182019/id2639471/?ch=1>

Rettleiing til forskrift om skrivemåten m.m. av stadnamn. Henta frå: https://lovdata.no/dokument/SFO/forskrift/2007-06-01-592/KAPITTEL_1#KAPITTEL_1

Språkrådet 2022. Protokollar for møte i Klagenemnda for stadnamnsaker. Henta frå: <https://www.sprakradet.no/Sprakarbeid/Stedsnavn/Stedsnavntjenesten/Klagenemnda-for-stedsnavnsaker/>

Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn. Henta frå: <https://www.sprakradet.no/Sprakarbeid/Stedsnavn/utfyllande-reglar-om-skrivematen-av-norske-stadnamn/>